# Glansbilete

## Tema: Språkmiljø og språkstimulering i barnehagen

| Kriterium | Teikn på god praksis |
|---|---|
| • Barnehagen er ein lærande organisasjon<br><br>(Rammeplan for barnehage, 06 s. 50). | ❖ Personalet har ei felles forståing av måla i årsplanen<br>❖ Det er sett av tid slik at personalet saman kan drøfta barnehagen sitt språkmiljø<br>❖ Personalet reflekterar over eigen praksis<br>❖ Personalet er involvert i og forplikta av felles planar<br>❖ Personalet gjev kvarandre tilbakemelding på arbeidet dei gjer<br>❖ Leiarane gjev personalet fagleg støtte og tilbakemelding på det daglege arbeidet |
| • Personalet skapar eit språkstimulerande miljø for alle borna<br><br>(Rammeplan for barnehage s. 35) | ❖ Personalet nyttar språket aktivt i alle kvardagssituasjonar<br>❖ Personalet legg til rette for meiningsfulle opplevingar i høve språkstimulering<br>❖ Personalet legg vekt på daglege innslag av lesing, song, rim og regler<br>❖ Personalet er bevisst si eiga rolle i høve til det å skapa eit godt språkmiljø<br>❖ Personalet opplever Tras og Språksprell som eit godt verkty i språkutviklingsarbeidet i høve borna<br><br>(teikna er henta frå Rammeplanen og barnehagen sin årsplan) |
| • Barna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen | ❖ Borna opplever spenning og glede når forteljing, litteratur, song, rim og regler vert formidla<br>❖ Borna vert møtt med forståing og interesse i høve det dei vil formidla<br>❖ Borna får høve til å lytte, samtale og leike med lydar, rim, rytme<br>❖ Borna får fabulera ved hjelp av song og språk<br><br>(teikna er henta frå Rammeplanen og barnehagen sin årsplan) |
| • Føresette opplever at det er eit språkstimulerande miljø i barnehagen | ❖ Føresette opplever at det er daglege innslag av lesing, song, rim og regler i barnehagen<br>❖ Føresette opplever at borna vert møtt med interesse og respekt i høve det dei vil formidla<br>❖ Føresette vert tekne med i planlegging og evaluering av innhaldet i barnehagen<br>❖ Føresette opplever at språkutviklingsverkty som TRAS og Språksprell er nyttig i høve det språkstimulerande miljøet i barnehagen<br><br>(teikna er henta frå Rammeplanen og barnehagen sin årsplan) |